

Notat

Frå: Fylkesdirektør for kultur

Til: Hovudutval for kultur

Stiftinga Sagastad - spørsmål om representant til styret

Det ligg føre spørsmål frå interimsgruppa for Stiftinga Sagastad på Eid om fylkeskommunen vil nemne opp eitt medlem til styret for stiftinga, jf vedlegg.

Det følgjer av Delegeringsreglementet punkt 4.1 at:

«Fylkeskommunen sitt mynde til å nemne opp representantar til styre, årsmøte m.v. i selskap, stiftingar, statlege organ o.l. er delegert til det hovudutvalet som organet naturleg høyrer under. Myndet ligg elles til fylkesutvalet.»

Sagastad-prosjektet på Eid er eit godt døme på kulturbasert næringsutvikling. Dei tek i bruk lokal historie/kultur og omformar dette til eit kommersielt produkt.

Stiftinga Sagastad er tenkt etablert som ei næringsdrivande stifting med det føremål å etablere og drive eit viten- og opplevingscenter for vikingtida med basis i dei funna som er gjort på Nordfjordeid (Myklebustfunna).

Ut frå stiftinga sitt føremål, kan det like gjerne vere ei sak for næringssektoren. Fylkesdirektør for næring har vore inne i saka tidlegare, og vi har drøfta spørsmålet som er komme no. Vi har inga tilråding i saka no. Fylkesdirektøren ber difor hovudutvalet drøfte om dette er eit styre dette utvalet ønskjer å nemne opp medlem til eller ikkje. Dersom konklusjonen er ja, vil fylkesdirektøren førebu sak til neste møte i hovudutvalet.